



DEN NORSKE KYRKJA
Stedje Sokneråd

Sogndal 11.12.2020

Protokoll - møte i Stedje sokneråd onsdag 08.12.2020, kl 19.30 på nye kyrkjekontoret i Stedjetunet

Desse møtte: Mikael Bruun, Bente Karin Vatestad, Berit Amundsen, Eldbjørg Reppen Ølnes, Helge Torstad, Kari Torhild Kvåle, Hans Magne Kvåle, Bjørn Skjeldestad og Per Hilleren.

Opningsord v/Mikael Bruun

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend

Godkjenning av protokoll frå møte 11.11.2020.

Protokoll frå møte 11.11.2020 vart samrøystes godkjend.

Orienteringssaker:

1. Orientering frå ulike utval som medlemmane i soknerådet er med i.
 - a. Skjeldesad; styret for Kyrkjelydshytta: Avtale om vegen er laga, forslaget skal Hjermann sjå på før avtalen kjem til soknerådet for godkjenning.
 - b. Amundsen: gudstenesteutvalet har hatt sitt første møte
 - c. Amundsen: Opningsarrangement for Stedjetunet. Programmet er klart og opninga vil finne stad 29. januar.
2. 3. desember var det 100 år sidan Stortinget vedtok lov om sokneråd/menighetsråd og den offisielle organiseringa av kyrkje tok til.
3. Taksering for eigedomsskatt, gbnr. 21/40- Kyrkjelydshytta. Kasserar for soknerådet Leif Arne Nordheim har sendt brev til kommunen om å forlenge vedtaket om fritak.
4. Møtebok frå møte 18.11.2020, Sogndal kyrkjelege fellesråd. (Var lagt ved innkallinga)
5. Refusjon frå sokneråda- diakonstillinga. (Var lagt ved innkallinga)
6. Soknerådet har ikkje motteke svar frå biskopen på brevet som vart sendt. Berre at brevet er motteke.
7. Brun orienterte om opplegget for julafta.

Vedtakssaker:

AU hadde ikkje hatt møte i forkant av dette møte, difor var sakene utan tilråding.

- Sak 27/20** Val av leiar og nestleiar. Leiar og nestleiar skal veljast kvart år innan 1. januar. Viser til Handbok for sokneråd og kyrkjeleg fellesråd kap. 2.2.
Vedtak: Leiar Helge Torstad og nestleiar Kari Torhild Kvåle vart attvald med akklamasjon.
- Sak 27/20** Offertildeling første halvår 2021. (saksutgreiing og liste over offersøknader var lagt ved innkallinga)
Vedtak: Det vert ofring til desse i januar 2021: 10. januar NLM, 17. januar kyrkjelydsarbeidet, 31. januar Bibelselskapet. Ofringar dei øvrige månadene fram til sommaren vert avgjort på neste møte. Nødvendig med noko meir tid for å gå gjennom søknadene.
- 28/20** Møteplan første halvår 2021.
Framlegg om desse datoane: Tysdag 26. januar, onsdag 24. februar, tysdag 23. mars, tysdag 27. april, onsdag 9. juni.
Dette er som sagt berre eit framlegg, er det ynskje om andre vekedagar tek vi det opp i møte, det same med møtetidspunkt.
Vedtak: soknerådet ønskjer torsdagar kl 19.30 som fast møtetidspunkt.
Møteplanen ser då slik ut: 28. januar, 25. februar, 25. mars, 29. april, 10. juni.
Leiar fekk i oppdrag å sjekke om møtedatoane kolliderer med kommunestyremøta første halvår 2021, Etter å ha gått gjennom møteplan for kommunen vert det ikkje nokon kollisjonar med kommunestyremøta.
- Sak 29/20** Årsmelding for Stedje sokneråd 2020. Vi må utnemne nokon som tek ansvar for årsmeldinga. Berit Amundsen gjorde ein svært god innsats i fjor, så eg kjem med framlegg om at ho tek ansvaret i år også.
Vedtak: Berit Amundsen tek arbeidet med å skrive årsmeldinga når statistikk ligg føre.
- Sak 30/20** Evt. seinare tilkomne saker.
1) Val av vararepresentant til representantskapen for Stedjetunet.
Vedtak: Jarle Årvoll vert vald som vararepresentant til representantskapen for Stedjetunet.
2) Vararepresenat til styret for Stedjetunet.
Vedtak: saka vert utsett til januarmøtet då ingen i soknerådet meldte si interesse.

Møtet slutt klokka 21.00

Helge Torstad
Leiar soknerådet

Berit Amundsen
Sekretær soknerådet

